



Austrheim kommune

Dato: 20.03.2017

Vår ref.: 2017/2110-7

Saksbehandlar: Vibeke Lokøy

Tlf: 932 49 179

## CIT Holding AS - Søknad om løyve til å etablere oppdrett av torsk på ny lokalitet Trøvika i Austrheim kommune

Hordaland Fylkeskommune sender med dette kopi av søknad dagsett 17.02.2017 frå CIT Holding AS, org. nr. 980173860, om å etablere ny lokalitet for oppdrett av torsk ved Trøvika i Austrheim kommune.

Det vert søkt om å legge ut eit stålanlegg med 8 bur på 25 x 25 meter i to rekker, med fôrflåte plassert sør for anlegget. Maksimal tillaten biomasse (MTB) vert søkt til 1560 tonn.

Anlegget skal ligge i arealkategorien Akvakultur i kommuneplanen til Austrheim. For ytterlegare informasjon syner vi til søknaden.

Straummåling og miljøundersøking (MOM B) er lagt ved søknaden. I ny standard for miljøundersøking (NS 9410:2016) er det sett krav til forundersøking på alle nye lokalitetar. Denne undersøkinga er sett i bestilling av søker, og vil bli ettersend når rapporten føreligg.

Tiltaket fell inn under vedlegg II i *forskrift om konsekvensutredninger for tiltak etter sektorlover* (FOR 2014-12-19-1758). Søknaden skal då handsammast etter § 3 i forskrifta. Fylkeskommunens vurdering er at tiltaket ikkje får vesentlige verknader for miljø eller samfunn, jf. Vedlegg III i forskrifta. Dersom berørte partar meiner tiltaket kan få vesentlege verknader, og desse verknadane ikkje allereie er tilfredsstilande gjort greie for i søknaden, må dette meldast til fylkeskommunen innan 4 veker etter kunngjering. Vi minner om at det er fagmynda for dei respektive kriteria i vedlegg III som skal vurdere om dei meiner tiltaket kan få vesentlege verknader innanfor sitt område og eventuelt melde dette inn til fylkeskommunen. Høyringsparten skal konkretisere kva for forhold som bør opplyst nærmare.

Hordaland fylkeskommune ber om at Austrheim kommune vurderer søknaden, samt legg søknaden ut til offentleg ettersyn, i samråd med sokjar, i ein periode på fire veker. Søknaden skal i denne samanheng annonserast i Norsk Lysningsblad og to aviser som er vanleg lest i området (jf. *forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret § 8*). Faktura for annonseutgifter kan sendast til sokjar.

Eventuelle merknader frå offentleg utlysing og kommunen sin uttale ber ein om vert send til Hordaland fylkeskommune snarast råd, og seinast innan 3 månader (jf. *Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader § 4*).

Vi ber dykk handsame/vurdere søknaden frå CIT Holding AS etter gjeldande særlover/andre interesser, og returnere uttalen til vårt kontor. Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De kontaktar sakshandsamar Vibeke Lokøy, tlf 932 49 179 eller e-post til [vibeke.saure.lokoy@hfk.no](mailto:vibeke.saure.lokoy@hfk.no), i Hordaland fylkeskommune.

Beste helsing  
Vibeke Lokøy